



Barnehagebruksplan 2023-2026

ME LØFTER I LAG



Innhald

Samandrag	5
Nasjonal barnehagepolitikk	7
Full barnehagedekning.....	7
Maksimalpris	7
Nasjonal kontantstøtte.....	7
Bemanning- og pedagognorm.....	8
Likeverdig behandling	8
Kommuneplan 2014-2028	10
Plassar og dekningsgrad.....	11
Hå kommune samanlikna med andre kommunar	11
Barnehagebygg og uteområde.....	14
Barnehagen i nærmiljøet.....	14
Barnehagebygga	14
Arbeidsplass for tilsette	14
Barnetal	15
Historisk utvikling i folketalet i Hå	15
Endra utvikling i seinare tid	16
Kapasitet og prognosar	18
Utvikling i talet på barn i barnehage	18
Barnehageopptak og kapasitet.....	18
Dekningsgrad	19

Framskriving av folkemengd	20
Framskriving av folke- og barnetal	20
Vurdering av Hå kommune.....	22
Framskriving av barnetal	22
Situasjonen i Hå	22
Vurdering av Nærbø	24
Framskriving av barnetal	24
Situasjonen på Nærbø.....	25
Vurdering av Varhaug	28
Framskriving av barnetal	28
Situasjonen på Varhaug	30
Vurdering av Vigrestad og Stokkalandsmarka.....	32
Framskriving av barnetal	32
Vurdering av Brusand.....	35
Framskriving av barnetal	35
Vurdering av Vigrestad, Stokkalandsmarka og Brusand	36
Framskriving av barnetal	36
Vigrestad, Stokkalandsmarka og Brusand.....	37
Vurdering av Oгна og Sirevåg	38
Framskriving av barnetal	38
Situasjonen på Oгна og i Sirevåg	39

Forord

Barnehagebruksplanen er ein del av kommunen sitt styringssystem. Planen gjer grunnlag for prioriteringar i Økonomiplanen og er grunnlag for avgjerder vedkomande:

- Utbygging og lokalisering av barnehagar
- Utvikling av bygningane og uteområda til ei moderne og fleksibel barnehagedrift
- Vedlikehald
- Opptakskrinsar

Grunnlaget for Barnehagebruksplanen er henta frå:

- Nasjonal barnehagepolitikk
- Kommunal barnehagepolitikk
- Økonomiske rammevilkår
- Prognosar for utvikling i barnetal
- Registrering av status og behov for vedlikehald i dei kommunale barnehagebygga

Frå nasjonalt hald blir det satsa på kvalitet i barnehagedrifta til beste for barna.

Samfunnsmandatet til barnehagen er å gje barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetssmoglegheiter. Barnehagen skal ta vare på barna og foreldra sine behov og gje rom for leik og læring, meistring og utfordringar. Dette gjer det naudsynt å leggja til rette for god strukturell kvalitet i alle barnehagar. Bygningane bør vera fleksible og tilpassa når utviklinga fører med seg endringar i driftsformene i barnehagane.

Barnehagebruksplan 2023-2026 bygger på tidlegare barnehagebruksplanar, og har lagt SSB (Statistisk sentralbyrå) sitt hovudalternativ frå sommaren 2022 til grunn for utviklinga i barnetal. Det vil vera mindre behov for barnehageplassar i åra som kjem. I planforslaget er det vist tre framskrivingar. Dette for å visa fleire moglege utviklingsbanar og hjelpa med å finna løysningar som er robuste for ulike utviklingar.

Kommunedirektøren føreslår at planen blir revidert anna kvart år og lagt fram saman med forslag til økonomiplan, same år som SSB reviderer sine folketalsframskrivingar. Planen er eit grunnlag for prioriteringar i økonomiplanen.

Samandrag

Framtidig behov for barnehageplassar

Dei siste åra har veksten i folketalet vore vesentleg lågare enn dei føregåande åra. Det er sannsynleg at framskrivingane ikkje fangar opp den faktiske utviklinga framover, og i så måte blir tala usikre. Uvissa aukar jo lengre fram i tid me ser, og dess mindre grupper me framskriv. Vår alternative framskriving og referansar frå tidlegare framskrivingar, illustrerer noko av denne uvissa ved å bruka andre føresetnader. Både barnehagebruksplanen og skulebruksplanen har lagt opp til å sjå på fleire ulike alternativ for å ha eit betre grunnlag for å dimensjonera bygga i dei ulike kretsane.

Bruk av kommunal kontantstøtte (for 2-åringar) har hatt ein jamn nedgang dei siste åra. Samstundes ser me at dekningsgraden for dei minste barna (1-3 år) er aukande. Ved barnehagestart 15.08.2022 gjorde dekningsgraden for dei minste eit betydeleg hopp. Når vi reknar ut framtidig dekningsgrad for bruk av barnehage, ser det ut til å bli ei jamn auke i bruken av barnehageplassar for denne aldersgruppa dei kommande åra. Dette blir lagt til grunn i planen.


Rett til barnehageplass gjeld alle barn som fyller 1 år innan utgangen av november. Det er også innført nasjonale ordningar for reduksjon i foreldrebetalinga og gratis kjernetid i barnehagane. Dette gjeld for familiar med låg inntekt og som har barn på 2, 3, 4 og 5 år. Dette er moment som fører til auke i etterspurnad av barnehageplassar.

I forhold til gjeldande plan trekk nye prognosar for befolkninga ned behovet for fleire barnehageplassar på kommunenivå. Framskrivningar av behov for barnehageplassar viser nå at det samla sett er nok kapasitet i kommunen. Ei aukande dekningsgrad særleg på dei minste barna bidreg derimot til å halda antall barn i barnehage meir stabilt. Endring i alderssamansetning, tilpasningar kring barn og pedagog- og bemanningsnorm gjer at det framleis er eit større behov for kvalitetsauke i fleire av barnehagebygga.

Framtidig behov for barnehageplassar vil vera avhengig av utviklinga i barnetal og kommunen sitt utbyggingsmønster. Endringar i nasjonale rammevilkår for barnehagedrifta og bruken av nasjonal og kommunal kontantstøtte vil og spela inn.



9 INNOVASJON OG
INFRASTRUKTUR



9 INNOVASJON OG
INFRASTRUKTUR



Nasjonal barnehagepolitikk

Nasjonale og kommunale politiske styringssignal ligg til grunn for å innfri barnehageretten.

Full barnehagedekning

Regjeringa si målsetting er full barnehagedekning med høg kvalitet til låg pris. I barnehagelova § 16:

«Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.

Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.»

Maksimalpris

Det er ei nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga. Dersom maxpris for full plass er høgare enn 6 prosent av samla inntekt til hushaldninga, har du rett på redusert pris. Satsar for søskenmoderasjon er pr i dag på 30% for barn nr. 2 og 50% for barn nr. 3 og oppover. Kostpengar kjem i tillegg.

Regjeringa har i forslag til statsbudsjett for 2023 føreslått å redusere foreldrebetalinga ytterligare.

Redusert betaling

Frå 1. august 2022 kan husstandar med årleg inntekt under 559.166 kroner søka om redusert foreldrebetaling.

Vidare vert det føreslått at alle 2, 3, 4, og 5 åringar og barn som har utsett skulestart, i familiar med samla brutto årsinntekt under 598.825 kroner kan søka om 20 timer gratis kjernetid i veka. Redusert betaling skal søkast om i den kommunen barnet er folkeregistrert.

Begge ordningane gjeld for private og kommunale barnehagar.

Nasjonal kontantstøtte

Det blir gitt kontantstøtte for barn mellom eitt og to år (frå fylte 13 til og med 23 månader).

Tabell 1. Satsar for kontantstøtte frå og med 1. august 2018.

Oppholdstid i barnehage (pr. uke)	Kontantstøtte i % av full sats	Kontantstøtte pr. barn
Ikke bruk av barnehageplass	100 prosent	7 500 kr
Til og med 8 timer	80	6 000 kr
Fra 9 til og med 16 timer	60	4 500 kr
Fra 17 til og med 24 timer	40	3 000 kr
Fra 25 til og med 32 timer	20	1 500 kr
33 timer eller meir	0	0

Bemanning- og pedagognorm

Bemanningsnorma set krav om minimum ein tilsett per 3 barn under tre år, og ein tilsett per 6 barn over tre år.

Pedagognorma inneber minst ein pedagog per 7 barn under tre år og minst ein pedagog per 14 barn over tre år.

Likeverdig behandling

Barnehagelova § 21|:

«Kapitlet gjelder for private barnehager som mottar tilskudd etter §19.

Formålet med kapitlet er å sørge for at offentlige tilskudd og forledrebetalning kommer barna i barnehagen til gode.»

Hå kommune har 14 kommunale og tre private barnehagar, og har over tid ført ein politikk som har vektlagt å bygga kommunale barnehagar.

Finansieringa av dei private barnehagane tek utgangspunkt i rekneskapen til dei kommunale barnehagane to år før, og blir indeksregulert. Ut frå dette finn vi ut kor mykje ein gjennomsnittleg plass kostar i barnehagane i Hå. Det blir rekna ut to summar, ein for små barn og ein for store. I tillegg blir det gitt nasjonal sats på kapitaltilskot (for bygningsmassen ut frå byggjeår).

Hå kommune gjer i 2022 tilskot til 3 private barnehagar, Tryggheim (Nærbø), Skjeraberget (Nærbø) og Tjemslandshagen (Varhaug).



9

INNOVASJON OG
INFRASTRUKTUR



Kommuneplan 2014-2028

Kommuneplanen 2014-2028 legg til grunn følgjande *hovudmål* for barnehagane:

- I samarbeid med heimen vil kommunen arbeida aktivt med å gje barna ein god barndom.
- Alle barn i barnehagen i Hå opplever læring og meistring kvar dag.

Kommunen skal gje eit variert, aktivt og stimulerande tilbod som gjer rom for oppleving og utvikling i barnehage og fritid. Barna skal oppleva barnehagen som ein naturlig og spennande del av eit samla oppvekstmiljø, der læring og sosial utvikling står i fokus.

Kommuneplanen legg til grunn følgjande *delmål*:

- Barna skal i dei første leveåra få eit godt grunnlag for ei positiv utvikling.

Kommunen ønsker å oppnå nemnde hovudmål og delmål gjennom følgjande *strategiar*:

- Gje alle barn under opplæringspliktig alder som ønsker det barnehageplass i barnehagar av høg kvalitet.
- Gje barna i barnehagen ein trygg læringsarena med varierte opplevingar.
- Følgja særskilt opp barn med vedtak etter Barnehagelova § 35.
- Prioritera språkopplæring for fleispråklege barn.
- Arbeida aktivt for å skaffe nok kvalifisert personell i barnehagane.
- Samarbeidet mellom heim og barnehage støttar opp under læring og utvikling.

Det er eit mål at alle barn skal få tilbod om barnehageplass med høg kvalitet. Barnehagebruksplanen er eit verktøy for å sikra at det bygningsmessige kvalitetskravet blir teke vare på. Hovudmåla for barnehagar er nedfelt i kommuneplanen. Kvalitetsplan for barnehagen vart revidert og vedtatt i kommunestyret våren 2021. Planen legg føringar for utvikling av kvalitet for innhaldet i barnehagane i Hå.

Kommunal kontantstøtte

Hå kommune har vedteke kommunal kontantstøtte for 2-åringar, med kr. 5389 per barn i månaden. Dette gjeld dei som ikkje har barnehageplass. Barn som går tre dagar i barnehagen kan få redusert kontantstøtte på kr. 2156 per barn i månaden. Det er om lag halvparten av mottakarane som mottek redusert lokal kontantstøtte. Denne mottakargruppa kombinerer barnehagetilbod og kontantstøtte. Bruk av lokal kontantstøtte har det siste året hatt ein nedgang.

Ordninga med delt kontantstøtte fører til nokre utfordringar. Dette er mellom anna i utrekning av pedagognorm der det er antal barn som teller. Med andre ord kan vi ikkje slå saman to delte plassar for så å telja det som ein. Dess fleire barn med delte barnehageplasser, jo fleire pedagogar er det behov for. Inntil kommunen får full pedagogdekning fører delt kontantstøtte

til fleire dispensasjonar frå utdanningskravet. Deltidsplassane blir ein auka kostnad for kommunen.

Kommunale retningsliner og vedtekter

Hå kommune har egne vedtekter som er godkjende i utval for opplæring og kultur. I vedtektene finn ein kommunale retningsliner for barnehageplass. Målet er at alle søkjarar med rett til barnehageplass skal få tilbod i den kretsen dei bur, eventuelt i nabokretsen. Dei kommunale vedtektene blir reviderte årleg.

Budsjettering av barnehageplassar skjer årleg i september. Ressursane blir sett for inneverande barnehageår. Ved ledig kapasitet i den einskilde barnehage er det etter vedtektene supplerande opptak gjennom året. Dersom det er ledig areal og tilgjengeleg kvalifisert personale kan barnehagesøknader som kjem i løpet av året bli innvilga.

Plassar og dekningsgrad

Hå kommune samanlikna med andre kommunar

KOSTRA-tala for 2021 viser dette innan barnehagesektoren:

- Hå kommune ligg høgast av Jærkommunane når det gjeld det totale antallet av innbyggjarane i alderen 1-5 år.
- Hå driv kostnadseffektive barnehagar. Driftsutgifter brukt per barn i barnehage 1-5 år er lågast samanlikna med Time, Klepp og Rogaland. Større bruk av deltidsplassar i Hå kan gjera at driftsutgiftene er høgare enn dei elles ville vore. Dette mellom anna på grunn av krav til pedagogar per barn.
- Dekningsgraden for 1-2 åringar aukar fortsatt, og var i 2021 på 72,7% prosent. Dette er framleis godt under Time og Klepp. Ei årsak til lågarere dekningsgrad er tilbodet om kommunal kontantstøtte for 2 åringar. Dekningsgraden for 3-5 åringane er i 2021 også under Time og Klepp.
- Samanlikna med Time, Klepp og Rogaland fell Hå tilbake og er i 2021 prosentvis under når det gjeld antal minoritetsspråklege barn som prosentvis går i barnehage.
- Hå kommune ligg omtrent likt med Time og Klepp når det gjeld den prosentvise delen av styrarar og pedagogiske leiarar. (På grunn av feilrapportering frå ein barnehage stemmer ikkje talet i KOSTRA rapportering).

Tabell 2. KOSTRA-tala for 2021 viser dette innan barnehagesektoren

	Hå 2020	Hå 2021	Time	Klepp	Rogaland
Prioritet					
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	141 835	152 711	161 823	157 159	177 534
Dekningsgrad					
0-6 år 41 timer eller mer andel barn i barnehage i forhold til innbyggere (prosent)	53,9 %	54,8 %	64,9 %	62,3 %	64,4 %
1-2 år andel barn i barnehage i forhold til innbyggere (prosent)	69,4 %	72,7 %	88,2 %	84,0 %	84,8 %
1-5 år andel barn i barnehage i forhold til innbyggere (prosent)	86,4 %	86,4 %	93,7 %	92,4 %	92,3 %
3-5 år andel barn i barnehage i forhold til innbyggere (prosent)	96,2 %	94,8 %	96,9 %	97,9 %	96,9 %
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (B)	82,7 %	82,5 %	52,9 %	62,7 %	51,1 %
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 1-5 år (B)	80,8 %	73,6 %	74,1 %	76,8 %	81,0 %
Kvalitet					
Andel barnehagelærere i prosent av grunnbemanningen (prosent)	41,3 %	38,1 %	40,6 %	41,2 %	39,9 %
Grunnlagsdata (Nivå 3)					
0-åringer i kommunen	241	247	243	270	5 612
1-2 åringer i kommunen	483	499	439	512	10 912
1-5 åringer i kommunen	1 324	1 309	1 205	1 284	28 831
3-5 åringer i kommunen	841	810	766	772	17 919
Antall styrere og pedagogiske ledere	144	151	158	159	3 606



Barnehagebygg og uteområde

Hå kommune ønsker funksjonelle barnehagebygg som innbyr til lek, læring og opplevingar. Både inne- og utemiljøet er ein viktig del av kvaliteten på barnehagetilbodet. Med tanke på tidleg innsats skal det fysiske miljøet gje utfordringar, vera tilpassa det einaskilde barnet (universelt utforma), og verna barnet mot fysiske og psykiske skader. Barnehagen skal vera med å styrka barna si læring og deltaking i fellesskap med jamnaldrande.

Barnehagen i nærmiljøet

Det blir tilrettelagt for at nye bygg og rehabilitering av barnehagar skal ha positiv innverknad på nærmiljøet. Både ute- og innemiljøet må vera utforma slik at det inviterer til fleirbruk.

Barnehagebygga

Hå kommune har ansvar for at det vert etablert barnehagar som oppfyller krava i regelverket og som sikrar barna eit likeverdig pedagogisk tilbod. Barnehagen skal vera godkjent og gje barn moglegheiter for lek, livsutfolding og meningsfylte opplevingar i trygge og utfordrande miljø inne og ute. Målet er meir likeverdig kvalitet på barnehagebygg og uteområda.

Det er fleire og varierte krav til barnehagen sine lokale, uteområde og inventar. Den må vera utforma slik at det blir tatt omsyn til små og store barn sine behov for fysiske utfordringar, tilpassa aldersgrupper, modning og funksjonsnivå. Barnehagen må ha små rom slik at det er mogleg med tilrettelagde opplegg og aktivitetar med barn i mindre grupper.

Arbeidsplass for tilsette

Det er behov for arbeidsrom og arbeidsplassar for pedagogar og anna personale i barnehagen. Det er framleis skilnad på korleis dei tilsette sine arbeidsforhold er i dei etablerte barnehagane. Med ei ny pedagognorm, krav om samarbeid og sentral satsing på kvalifisert personale i barnehagen er det naudsynt at arbeidsforholda ligg til rette for dette.

Tabell 3. Økonomiplanen 2023 – 2026

	2023	2024	2025	2026	Sum
Barnehage Brusand	2 500	30 000	11 377	0	43 877
Påbygg Breidablikk	400	9 000	1 500		10 900
Brannsikring Vibereiret - Trekløveren	5 000				5 000
Tiltak barnehage	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Uteområde barnehage	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
Sum barnehagar	10 400	41 500	15 377	2 500	69 777


Barnetal

Historisk utvikling i folketalet i Hå

Utviklinga i folketalet i Hå vil vera avhengig av kor mange som blir fødde, kor mange som dør og kor mange som flyttar til og frå kommunen. Utviklinga i talet på barn i barnehagealder heng tett saman med utviklinga i folketalet. Det er talet på barnehagebarn som styrer kvar og kor store barnehagar det er behov for. Det er naturleg å sjå kretsvis på utviklinga i tala på barnehagebarn opp mot kapasiteten i barnehagane.

Figur 1 nedanfor viser utviklinga i folketalet i Hå i perioden 1964-2015. Det er store svingingar i veksten frå år til år og i nokre år er det og registrert negativ vekst. Dette kan i hovudsak knytast til utviklinga ved Nærlandheimen rundt 1970 og i starten på 1990-talet. I 1970-åra var det år med høg vekst på grunn av stor bustadbygging og tilflytting, noko ein òg ser i åra omkring 2008-2013. I denne siste perioden er ikkje minst arbeidstilflytting ei hovudårsak til den sterke veksten, grunna høg oljepris og tilhøyrande stor vekst i oljenæringa, både nasjonalt, men særleg i Rogaland og dei andre vestlandsfylka.

Figur 1. Folketalsutvikling, folkemengd 1. januar 1964-2022




Endra utvikling i seinare tid

Finanskrisa i 2007/08 førte med seg redusert vekst i internasjonal økonomi. Veksten for Norge tok seg likevel raskt opp, og det blei høg vekst i hovudsak på grunn av god prisutvikling i råvarer som Norge eksporterer, særleg olje, og fallande prisar på import. Frå 2014 av har oljeprisen falle mykje, og saman med relativt svak vekst i internasjonal økonomi har dette ført til mindre aktivitet, særleg i oljenæringa i Rogaland. Dette gjer seg mellom anna utslag i mindre arbeidsrelatert tilflytting til Norge. Det er mange arbeidsinnvandrarar som nå flyttar tilbake til heimlanda sine. Sjølv om det har vore aukande tilflytting av flyktningar, er den samla veksten i innvandringa til Norge nå mindre enn før. Fødselsoverskotet held seg høgt.

Hå kommune hadde sterk vekst i perioden frå 2008 til 2014. Det var ei vekst mykje på grunn av oppgangen i oljenæringa, men òg på grunn av arbeidsinnvandring til jordbruksnæringa. Det var netto innflytting til Hå både frå andre delar av Norge og ikkje minst frå utlandet. Sjølv om det blei oppretta nye arbeidsplassar i Hå, kom det òg mange tilflyttarar til kommunen som pendla ut av kommunen til arbeidsstaden.

I perioden 2015-2021 har det vore svakt synkende fødselsoverskot og folkeveksten har vore prega av negativ nettoinnflytting. Sjølv om fødselsoverskotet er synkende viser siste års utvikling ei positiv utvikling som følgje av aukande nettoinnflytting.

Figur 2. Fødselsoverskot, nettoinnflytting og folkevekst 2000-2021



13

STOPPE
KLIMAENDRINGEN




Kapasitet og prognosar

Utvikling i talet på barn i barnehage

Tal frå SSB viser at nesten 9 av 10 barn i Hå går i barnehage, oftast på fulltid.

Figur 3. Talet på barn 1-5 år med barnehageplass i Hå kommune



Talet på barn i barnehage har auka sterkt dei siste åra. Eksempelvis viser SSB sin barnehagestatistikk at berre 53 prosent av barn i alderen 1-5 år i Hå gjekk i barnehage i 2002, mot 86,4 prosent i 2021 (sjå figur 1). Blant barn i alderen 3-5 år går nå nesten alle i barnehage, 94,8 prosent i 2020, sjølv om det har vore ei mindre nedgang dei to siste åra. Blant 1 og 2-åringar har vi sett ei merkbar auke i barnehagedeltakinga dei to siste åra.

Innføring av lokal kontantstøtte for 2-åringar i 2012, då den statlege støtta til 2-åringar fall bort, førte til ein nedgang i etterspurnaden etter barnehageplass for 1 og 2-åringar. Bruk av lokal kontantstøtte er noko redusert dei siste åra. Parallelt ser vi ein jamn auke i dekningsgrad for 1 og 2-åringar.

Barnehageopptak og kapasitet

Tabellen under viser samla barnehagekapasitet for kretsane kvar for seg, og for Hå kommune samla. Kapasiteten er berekna ut frå godkjende leike- og opphaldsareal. Kolonnane 15.12.2021 og 15.08. 2022 viser barn i både kommunale og private barnehagar, og differansen mellom tilgjengeleg kapasitet og faktisk tal på barn i barnehagane.

Tabell 4. Barnehagekapasitet 2021 – 2022

	Kapasitet	15.12.2021	differanse	15.08.2022	differanse
Nærbø	531	588	-57	556	-25
Varhaug	292	213	95	245	47
Vigrestad/Stokkalandsmarka	232	227	5	230	2
Brusand	36	37	-1	35	1
Ogna/Sirevåg	78	65	13	62	16
Totalt Hå kommune	1 169	1 130	39	1 128	41

Tabellen viser ein overkapasitet for kommunen på 41 barnehageplassar per 15. august 2022, mens det er 25 barnehageplassar for lite på Nærbø. Kapasitetstalet er basert på faktisk kapasitet som er utrekna på bakgrunn av godkjent leike- og opphaldsareal i kvar einskild barnehage, og tek ikkje høgde for deltidspromatikken.

Dekningsgrad

Dersom ein legg til grunn opptakstala frå 15. august 2022 (386 1 og 2-åringar og 808 3 til 5-åringar) med folketal for 1. januar 2020 (499 1 og 2-åringar og 810 3 til 5-åringar) ville dekningsgraden vore på 77,4 prosent for 1 og 2-åringane og 91,6 prosent for 3 til 5-åringane.

Tabell 5. Barnehageopptak, folkemengd og dekningsgrad i Hå kommune

	Barnehageopptak 15.08.2022	Folkemengd 01.01.2022	Dekningsgrad 01.01.2022
1-2 år	386	499	77,4
3-5 år	742	810	91,6
1-5 år	1128	1309	86,2

Dette gjer ei auke i dekningsgraden for 1 og 2-åringar. Årsaka er dels at også barn som fyller 1 år innan utgangen av november har lovfesta krav på barnehageplass i opptaket til 15. august.

Tabell 6. Dekningsgrad – Økonomiplan 2023 – 2026

01.01.	Faktisk		Prognose		
	2022	2023	2024	2025	2026
Dekningsgrad 1-2 år	72,7 %	74 %	76 %	78 %	80 %
Dekningsgrad 3-5 år	94,8 %	97 %	97 %	97 %	97 %

Dekningsgraden i tabell 6 er lagt til grunn for dei komande framskrivingane av barnehagebehov.

Framskriving av folkemengd


Framskriving av folke- og barnetal

Når me skal framskriva utviklinga i folke- og barnetal, bruker me ein modell for framskriving. Til framskrivingane treng me ulike føresetnader om fire demografiske komponentar: Framtidig fruktbarheit, dødelegheit, innanlandske flyttingar og inn- og utvandring. Kommunen bruker Statistisk sentralbyrå (SSB) sine framskrivingar for heile kommunen og KOMPAS-modellen for å fordela folke- og barnetal på dei ulike kretsane.

Veksten i folketalet har vore høg sidan 2008, men veksten har i dei siste åra vore vesentleg lågare enn dei føregåande. Det er sannsynleg at framskrivingane ikkje heilt og fullt fangar den faktiske utviklinga framover, og i så måte er tala usikre. Usikkerheita aukar jo lengre fram i tid me ser, og jo mindre grupper me framskriv. Likevel er det fleire sikre element i befolkningsutviklinga. Dei fleste av oss vil vera eitt år eldre og bu same stad neste år.

På grunn av COVID-19-pandemien har det imidlertid vore utfordrande for SSB å laga forutsetningar og for nær framtid. Me må hugsa på dette når me ser på 2020- og 2022-framskrivingane, både på kort og lang sikt. Noko av usikkerheita er her illustrert ved referanse til tidlegare framskrivingar, der me nyttar andre føresetnader. Både barnehagebruksplanen og skulebruksplanen har lagt opp til å sjå på tidlegare framskrivingar for å ha eit betre grunnlag for å dimensjonera bygga i dei ulike kretsane.

Figur 4. Framskriving av folkemengd i Hå per 31. desember, MMMM 2012-2022



Målstyrt hovudalternativ (MMMM)


Kommuneplanen 2014-2028 legg opp til ei befolkningsutvikling som tar utgangspunkt i SSB sitt hovudalternativ (MMMM) for framskriving av folkemengd på kommunenivå.

Hovudalternativet, kalla MMMM, legg til grunn middels fruktbarheit, middels levealder, middels innanlandsk mobilitet og middels innvandring.

SSB oppdaterer og omstrukturerer sine framskrivingar anna kvart år. Hovudalternativet (MMMM) som ligg til grunn for kommuneplanen er SSB-framskrivinga frå 2012. Etter dette har det komme nye framskrivingar anna kvart år, og nå sist sommaren 2022. I alle framskrivingane unntatt 2022 har SSB lagt til grunn mindre befolkningsvekst, jf. figur 4. Framskriving av folkemengd i Hå kommune per 31. desember (MMMM 2012-2022).

Framskrivinga viser nå at folketalet aukar frå 19296 1. januar 2022 til 19987 31. desember 2028. Det utgjer ein folkevekst på 996 innbyggjarar. Folkeveksten utgjer ei gjennomsnittleg vekst på om lag 0,5 prosent, eller 99 personar i året. Framskrivinga bygger på ein føresetnad om at folkeveksten blir geografisk fordelt ut frå eit bustadbyggingprogram på 120 bustader i året, jf. KPU 009/20.

Figur 5. Befolkningsframskriving i Hå kommune



¹ Folkemengd og befolkningsendringar etter alder 1. januar, Kjelde: SSB.

² Folkemengd 1-5 år er framskrivne ved hjelp av KOMPAS. Framskrivingane av folkemengd for aldersgruppa 1-5 år er vist i 3 ulike alternativ. Det første alternativet er framskrivinga frå barnehagebruksplan 2019-2022. Det vart i barnehagebruksplan 2019-2022 valt å målstyra utviklinga i folketal på kommunenivå slik at det stemmer med mellomalternativet (MMMM) i SSB sine framskrivingar frå juni 2018. Det vart i barnehagebruksplan 2021-2024 valt å målstyra utviklinga i folketal på kommunenivå slik at det stemmer med mellomalternativet (MMMM) i SSB sine framskrivingar frå juni 2020. Det er i føreliggande barnehagebruksplan 2023-2026 valt å målstyra utviklinga i folketal på kommunenivå slik at det stemmer med mellomalternativet (MMMM) i SSB sine framskrivingar frå juni 2022, jf. KPU sak 009/20 «Kommuneplan – bustadbyggingprogram og føresetnader for kommande planarbeid».

Vurdering av Hå kommune

Framskriving av barnetal

Tabell 7. Framskriving av barnetal i Hå kommune (MMMM 2022)


01.jan	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
1-2 år	499	502	472	441	434	431	432	435
3-5 år	810	783	745	758	733	703	674	668
Totalsum	1 309	1 285	1 218	1 199	1 167	1 134	1 106	1 103

Figur 6 viser framskriving av faktisk barnetal, estimert barnetal basert på dekningsgrad i Økonomiplan 2021-2023, jf. tabell 6, samt samla barnehagekapasitet kompensert med 5 prosent ettersom om lag 20 prosent ikkje etterspør heiltidsplass.

Situasjonen i Hå

Figur 6 viser at kommunen samla sett har nok barnehageplassar fram til 2029, ut frå alternativet MMMM 2022 og gitt dekningsgraden i tabell 6. Sjølv om det er nok plassar på kommunenivå kan nokre kretsar ha overkapasitet mens andre har underkapasitet. Kapasitet og barnetal blir i det følgjande vurderte for kvar krets separat.

Figur 6. Befolkningsframskriving, behov og barnehagedekning i Hå kommune




¹ Folkemengd og befolkningsendringar etter alder 1. januar, Kjelde: SSB.

² Folkemengd 1-5 år er framskrivne ved hjelp av KOMPAS. Framskrivningane av folkemengd for aldersgruppa 1-5 år er vist i 3 ulike alternativ. Det første alternativet er framskrivinga frå barnehagebruksplan 2019-2022. Det vart i barnehagebruksplan 2019-2022 valt å målstyra utviklinga i folketal på kommunenivå slik at det stemmer med mellomalternativet (MMMM) i SSB sine framskrivingar frå juni 2018. Det vart i barnehagebruksplan 2021-2024 valt å målstyra utviklinga i folketal på kommunenivå slik at det stemmer med mellomalternativet (MMMM) i SSB sine framskrivingar frå juni 2020. Det er i føreliggande barnehagebruksplan 2023-2026 valt å målstyra utviklinga i folketal på kommunenivå slik at det stemmer med mellomalternativet (MMMM) i SSB sine framskrivingar frå juni 2022, jf. KPU sak 009/20 «Kommuneplan – boligprogram og forutsentinger for kommende planarbeid».

³ Behov for barnehage viser summen av talet på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggjarar 1-2 år og talet på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggjarar 3-5 år etter alder 1. januar, Kjelde: SSB, Kostra.

⁴ Behov for barnehage viser summen av estimert tal på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggjarar 1-2 år og estimert tal på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggjarar 3-5 år etter alder basert på framskriven folkemengd 1. januar. 1-5 åringar er framskrivne ved hjelp av KOMPAS. Framskrivning av folkemengd er vist i dei 3 alternativa nemnde i note 2 og omtala i teksten generelt. Estimert dekningsgrad for 1-2 år og 3-5 år i planperioden er vist i tabell nr. 6

⁵ Barnehagekapasitet er basert på faktisk kapasitet som er utrekna på bakgrunn av godkjent leike- og opphaldsareal i kvar einiskild barnehage. Barnehagekapasiteten er kompensert med 5 prosent ettersom om lag 20 prosent ikkje etterspør heiltidsplass. 2022: 1169 barnehageplassar pluss 5% (58 plassar) gjer 1227 plassar.



Vurdering av Nærbø

Framskriving av barnetal


Tabellen under viser framskriving av barnetala for Nærbø i aldersgruppene 1-2 år, 3-5 år og 1-5 år. Talet på barn blir redusert frå 638 pr. 1. januar 2022, til 548 pr. 1. januar 2027.

Tabell 8. Framskriving av barnetal på Nærbø (MMMM 2022)

01.jan	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
1-2 år	257	253	230	216	212	210	210	211
3-5 år	381	374	371	373	359	339	325	322
Totalsum	638	628	601	589	571	548	535	533

Figuren under viser at det samla er ein kapasitet på 531 barnehageplassar på Nærbø (397 kommunale og 134 private) eller 558 plassar kompenserte med 5 prosent ettersom om lag 20 prosent ikkje etterspør heiltidsplass. Framskrivinga av barnetal (MMMM 2022) viser at talet på barn som skal ha barnehageplass, basert på dekningsgraden i tabell 6, går ned frå 558 per 1. januar 2022 til 488 per 1. januar 2027.

Figur 7. Barnehagedekning Nærbø



¹ Behov for barnehage viser summen av talet på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år og talet på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år etter alder 1. januar, Kilde: SSB, Kostra

² Behov for barnehage viser summen av estimert tal på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år og estimert tal på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år etter alder basert på framskriven folkemengd 1. januar. 1-5 åringer er framskrivne ved hjelp av KOMPAS. Framskrivning av folkemengd vist i dei 3 alternativa; BP 2019-2021, BP 2021-2024 og BP 2023-2026. Estimert dekningsgrad for 1-2 år og 3-5 år i planperioden er vist i tabell nr. 6

³ Barnehagekapasitet er basert på faktisk kapasitet som er utrekna på bakgrunn av godkjent leike- og opphaldsareal i kvar einiskild barnehage. Barnehagekapasiteten er kompensert med 5 prosent ettersom om lag 20 prosent ikkje etterspør heiltidsplass. 2022:531 barnehageplassar pluss 5% (27 plassar) gjer 558 plassar for Nærbø.

Situasjonen på Nærbø

Dei siste åra er det brukt midlar på å gjera naudsynte investeringar i fleire av dei eldste barnehagebygga på Nærbø, og det er regulert tomt til offentleg formål (barnehage) ved Bø skule. Tomta er på 5,3 mål og kan gje plass til ein 6 - 8 avdelings barnehage med om lag 130 barn. Me kan i framtida vurdera ny og større barnehage som erstatning for eldre og mindre funksjonelle barnehagar. Vibereiret barnehage og Breidablikk kulturbarnehage er begge barnehagar som ikkje har grupperom eller arbeidsrom til personalet.

Vestkroken 18 høyrer til Breidablikk kulturbarnehage og er ein tidlegare lærarbustad frå 1963. Dette bygget vart i 1997 bruksendra til bustad i 2. etasje og open barnehage i 1. etasje. Bygget er i dårleg forfatning, ikkje utforma i forhold til regelverk for barnehage, og har behov for rehabilitering. Det vil framleis ta tid før Vestkroken 18 blir overflødig. Breidablikk kulturbarnehage har eit stort uteområde, og det er plass til å bygga på barnehagen med eit tilbygg for opp til 20 barn. I eit eventuelt påbygg kan me og få areal til grupperom og arbeidsrom for personalet.

Dei siste åra har det ikkje vore ledig kapasitet på Nærbø. Barnehageplassane for barn som bur på Hå mottak kjem i tillegg, og har eigen finansiering. Ser me på framskrivinger av barnetallet vil det ikkje vera behov for nye barnehageplasser. Det er også eit sterkt behov for å oppgradera fleire av barnehagebygga. Eit påbygg eller ein ny barnehage på Bø-tomta vil i tilfelle vera på grunn av dårleg kvalitet på dei eldste bygga.


Kommunedirektøren tilrår at det i kommande økonomiplan blir sett av midlar til eit påbygg for opp til 20 ekstra barn ved Breidablikk. Dette vil kunna gje eit tilbygg på ca 210 m² som erstatning for Vestkroken 18, og frigjera areal til møterom i både Breidablikk og Vibereiret. Med eit utgangspunkt i kr 50.000,- pr m² vil tilbygget kosta om lag 10,5 mill. kr. Ombygging av eksisterande bygg for eventuelle tilpasningar er ikkje tatt med i kalkylen. Vidare tilrår kommunedirektøren at eigedomen Vestkroken 18 blir omregulert til boligformål og lagt ut for sal.



ISBJÖRN
of Sweden

11

BÄR
BYE



Vurdering av Varhaug

Framskriving av barnetal


Tabellen under viser framskriving av barnetala for Varhaug i aldersgruppene 1-2 år, 3-5 år og 1-5 år. Talet på barn blir redusert frå 283 per 1 januar 2022, til 240 per 1. januar 2027.

Tabell 9. Framskriving av barnetal på Varhaug (MMMM 2022)

01.jan	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
1-2 år	103	103	95	91	89	88	88	88
3-5 år	180	172	159	163	160	151	146	144
Totalsum	283	275	254	254	249	240	234	232

Figuren under viser at det samla er ein kapasitet på 292 barnehageplassar på Varhaug (233 kommunale og 59 private) eller 313 plassar kompenserte med 5 prosent ettersom om lag 20 prosent ikkje etterspør heiltidsplass. Framskrivinga av barnetal (MMMM 2022) viser at talet på barn som skal ha barnehageplass, basert på dekningsgraden i tabell 6, faller frå 246 per 1. januar 2022 til 214 per 1. januar 2027.

Figur 8a. Barnehagedekning Varhaug




¹ Behov for barnehage viser summen av talet på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbygger 1-2 år og talet på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbygger 3-5 år etter alder 1. januar, Kjelde: SSB, Kostra

² Behov for barnehage viser summen av estimert tal på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbygger 1-2 år og estimert tal på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbygger 3-5 år etter alder basert på framskriven folkemengd 1. januar. 1-5 åringar er framskrivne ved hjelp av KOMPAS. Framskrivning av folkemengd vist i dei 3 alternativa; BP 2019-2021, BP 2021-2024 og BP 2023-2026. Estimert dekningsgrad for 1-2 år og 3-5 år i planperioden er vist i tabell nr. 6

³ Barnehagekapasitet er basert på faktisk kapasitet som er utrekna på bakgrunn av godkjent leike- og opphaldsareal i kvar einskild barnehage. Barnehagekapasiteten er kompensert med 5 prosent ettersom om lag 20 prosent ikkje etterspør heiltidsplass. 2022: 295 barnehageplassar pluss 5% (15 plassar) gjer 310 plassar på Varhaug.

Figur 8b. Barnehagedekning Varhaug



¹ Behov for barnehage viser summen av talet på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbygger 1-2 år og talet på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbygger 3-5 år etter alder 1. januar, Kjelde: SSB, Kostra

² Behov for barnehage viser summen av estimert tal på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbygger 1-2 år og estimert tal på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbygger 3-5 år etter alder basert på framskriven folkemengd 1. januar. 1-5 åringer er framskrivne ved hjelp av KOMPAS. Framskrivning av folkemengd vist i dei 3 alternativa; BP 2019-2021, BP 2021-2024 og BP 2023-2026. Estimert dekningsgrad for 1-2 år og 3-5 år i planperioden er vist i tabell nr. 6

³ Barnehagekapasitet er basert på faktisk kapasitet som er utrekna på bakgrunn av godkjent leike- og opphaldsareal i kvar einiskild barnehage. Barnehagekapasiteten er kompensert med 5 prosent ettersom om lag 20 prosent ikkje etterspør heiltidsplass. 2022: 246 barnehageplassar pluss 5% (12 plassar) gjer 258 plassar på Varhaug.

Situasjonen på Varhaug

Det er nok kapasitet på Varhaug. Framskrivingar av barnetalet i Varhaug krets indikerer at det framleis ikkje vil vera behov for å bygga ny barnehage i denne planperioden ut frå kapasitetsomsyn.

Trekløveren barnehage (Skulegata) har etter dagens standard lite funksjonelle leike- og opphaldsareal. Av den grunn er det inne om lag 15 færre barn enn det godkjende leike- og opphaldsarealet i barnehagen formelt gjer grunnlag for. Trekløveren barnehage som tidlegare var lokalisert i to bygg vart i august 2021 delt i to barnehagar, Trekløveren og Gråtassen (modulbygg i Pilevegen).

Idrettsbarnehagen på Varhaug er også eit modulbygg og det er i underkant av 60 barn som går i barnehagen.

Det er ikkje lenger barnehagedrift i våningshuset i Lensmannsgarden barnehage. Våningshuset blir i dag nytta av Fotoklubben og Bygdekvinnelaget til møteaktivitet, men bruken er begrensa. Bygget er regulert som bustad og bruk utover aktiviteten som er der i dag vil krevja søknad om bruksendring.



Trekløveren barnehage i Skulegata har dei siste åra fått naudsynte oppgraderingar med nytt tak, takrenner og takvindauge. Det er for 2022-2023 planlagd oppgradering av den branntekniske tilstanden for barnehagen, og det er sett av 2,5 mill. kr til desse arbeida. Det er sidan 2018 investert nærare 5 mill. kr i utbetringar ved Trekløveren barnehage.

Tilstandsanalyse for dei kommunale barnehagane på Varhaug viser at bygga er i tilfredsstillande stand. Det gjeld også modulbygga for Idrettsbarnehagen og Gråtassen som er av nyare dato enn Trekløveren. For å kunna halda desse barnehagebygga i tilfredsstillande stand må ein framover pårekna behov for vidare investeringar og oppgraderingar både på anlegg og funksjonalitet.

Kommunedirektøren har vurdert 3 forskjellige alternativ knytt til barnahagane på Varhaug.

1. Behalda barnehagebygga og barnehagestrukturen på Varhaug slik som i dag. Funksjonaliteten, slik kommunedirektøren vurderer det, er god til tross for at leike- og oppholdsarealet ved Trekløveren kunne vore større. Bygga har ein tilfredsstillande teknisk kvalitet og fleire utbetringar er planlagd, spesielt ved Trekløveren.
2. Bygga ein ny 6 avdelings barnehage for 100 barn på Bratlandsmarka, og leggja ned både Trekløveren og Gråtassen når ny barnehage er ferdigstilt (antatt 2026). Kommunen har allerede ei ferdigregulert stor barnehagetomt ved Bratlandsmarka. Ein ny barnehage med plass til 100 barn vil bli på mellom 1100 – 1200 m². Med ein antatt totalkostnad på kr 50.000,- per m² vil barnehagen ha ein kostnad på mellom 55 og 60 mill. kr. Denne løysinga vil opne for å innlemma uteareala til Gråtassen i Varhaug skule sine uteareal.
3. Leggja ned Gråtassen og fordela barna i Trekløveren og Lensmannsgarden barnehage. I fylgje dei siste folkeframskrivingstala frå SSB vil desse ha plass til alle barna viss me ser på Varhaug-kretsen isolert. Dette bør difor sjåast i samanheng med tilbygg på Breidablikk. Denne løysinga vil og opne for å innlemma uteareala til Gråtassen i Varhaug skule sine uteareal.

Kommunedirektøren tilrår alternativ 1, at barnehagebygga og barnehagestrukturen på Varhaug forblir som i dag. For å tilrå ein nedgang i kapasitet på Varhaug, er det avgjerande at eit nytt påbygg ved Breidablikk på Nærbø står klar til bruk. Dette grepet sikrar at ein har tilstrekkeleg kapasitet både på Nærbø og Varhaug før nedlegginga eventuelt blir gjennomført. Den stadig auka dekningsgraden for dei minste og auka bruk av heiltidsplassar gjer at framskrivingane er usikre. Barnehagekapasiteten på Varhaug og Nærbø vil vera eit viktig tema i neste revidering av barnehagebruksplanen.



VIGRESTAD OG STOKKALANDSMARKA

- Off. barnehagar (eksisterande)
- Regulerte barnehagar

Vurdering av Vigrestad og Stokkalandsmarka

Framskriving av barnetal


Tabellen under viser framskriving av barnetala for Vigrestad og Stokkalandsmarka i aldersgruppene 1-2 år, 3-5 år og 1-5 år. Talet på barn minkar frå 270 per 1. januar 2022, til 253 per 1. januar 2027.

Tabell 10. Framskriving av barnetal på Vigrestad og Stokkalandsmarka (MMMM 2020)

01.jan	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
1-2 år	102	107	106	96	97	97	99	101
3-5 år	168	164	153	162	156	154	147	147
Totalsum	270	271	259	258	253	252	246	248

Figuren under viser at det samla er ein kapasitet på 232 barnehageplassar på Vigrestad og Stokkalandsmarka (berre kommunale) eller 244 plassar kompenserte med 5 prosent, ettersom om lag 20 prosent ikkje etterspør heiltidsplass, mens framskrivinga av barnetal (MMMM 2022) viser at talet på barn som skal ha barnehageplass, basert på dekningsgraden i tabell 5, minkar frå 233 per 1. januar 2022 til 224 per 1. januar 2027.

Figur 9. Barnehagedekning Vigrestad og Stokkalandsmarka



¹ Behov for barnehage viser summen av talet på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbygger 1-2 år og talet på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbygger 3-5 år etter alder 1. januar, Kjelde: SSB, Kostra.

² Behov for barnehage viser summen av estimert tal på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbygger 1-2 år og estimert tal på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbygger 3-5 år etter alder basert på framskriven folkemengd 1. januar. 1-5 åringar er framskrivne ved hjelp av KOMPAS. Framskrivning av folkemengd vist i dei 3 alternativa; BP 2019-2021, BP 2021-2024 og BP 2023-2026. Estimert dekningsgrad for 1-2 år og 3-5 år i planperioden er vist i tabell nr.6

³ Barnehagekapasitet er basert på faktisk kapasitet som er utrekna på bakgrunn av godkjent leike- og opphaldsareal i kvar einskild barnehage. Barnehagekapasiteten er kompensert med 5 prosent ettersom om lag 20 prosent ikkje etterspør heiltidsplass. 2022: 232 barnehageplassar pluss 5% (12 plassar) gjer 244 barnehageplassar for Vigrestad/Stokkalandsmarka.



3 GOD
HELSE





Vurdering av Brusand

Framskriving av barnetal


Tabellen under viser framskriving av barnetala for Brusand i aldersgruppene 1-2 år, 3-5 år og 1-5 år. Talet på barn går ned frå 29 1. januar 2022, til 23 1. januar 2027.

Tabell 11. Framskriving av barnetal på Brusand (MMMM 2022)

01.jan	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
1-2 år	10	11	11	9	9	9	9	8
3-5 år	19	17	16	15	15	14	13	13
Totalsum	29	28	27	25	24	23	22	21

Figuren under viser at det samla er ein kapasitet på 38 barnehageplassar på Brusand (berre kommunale) eller 40 plassar kompensert med 5 prosent ettersom om lag 20 prosent ikkje etterspør heiltids plass, mens framskrivinga av barnetal (MMMM 2022) viser at talet på barn som skal ha barnehageplass, basert på dekningsgraden i tabell 6, går ned frå 25 per 1. januar 2022 til 21 per 1. januar 2025.

Figur 10. Barnehagedekning Brusand



¹ Behov for barnehage viser summen av talet på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbygger 1-2 år og talet på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbygger 3-5 år etter alder 1. januar. Kjelde: SSB, Kostra

² Behov for barnehage viser summen av estimert tal på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbygger 1-2 år og estimert tal på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbygger 3-5 år etter alder basert på framskriven folkemengd 1. januar. 1-5 åringer er framskrivne ved hjelp av KOMPAS. Framskriving av folkemengd vist i dei 3 alternativa; BP 2019-2021, BP 2021-2024 og BP 2023-2026. Estimert dekningsgrad for 1-2 år og 3-5 år i planperioden er vist i tabell nr. 6.

³ Barnehagekapasitet er basert på faktisk kapasitet som er utrekna på bakgrunn av godkjent leike- og opphaldsareal i kvar einiskild barnehage. Barnehagekapasiteten er kompensert med 5 prosent ettersom om lag 20 prosent ikkje etterspør heiltidsplass. 2022: 36 barnehageplassar plus 5% (2 plassar) gjer 38 plassar.

Vurdering av Vigrestad, Stokkalandsmarka og Brusand

Framskriving av barnetal


Tabellen under viser framskriving av barnetala for Vigrestad, Stokkalandsmarka og Brusand i aldersgruppene 1-2 år, 3-5 år og 1-5 år. Talet på barn blir auka frå 299 per 1 januar 2022, til 274 per 1. januar 2027.

Tabell 12. Framskriving av barnetal på Vigrestad, Stokkalandsmarka og Brusand (MMMM 2022)

01.jan	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
1-2 år	112	117	117	106	106	106	108	109
3-5 år	187	181	169	177	171	168	160	160
Totalsum	299	299	286	283	276	274	267	269

Figuren under viser at det samla er ein kapasitet på 268 barnehageplassar på Vigrestad og Stokkalandsmarka (berre kommunale) eller 281 plassar kompenserte med 5 prosent, ettersom om lag 20 prosent ikkje etterspør heiltidsplass, mens framskrivinga av barnetal (MMMM 2022) viser at talet på barn som skal ha barnehageplass, basert på dekningsgraden i tabell 6, minkar frå 259 per 1. januar 2022 til 244 per 1. januar 2027.

Figur 11. Barnehagedekning Vigrestad, Stokkalandsmarka og Brusand



¹ Behov for barnehage viser summen av talet på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggjar 1-2 år og talet på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggjar 3-5 år etter alder 1. januar, Kjelde: SSB, Kostra.

² Behov for barnehage viser summen av estimert tal på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggjar 1-2 år og estimert tal på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggjar 3-5 år etter alder basert på framskriven folkemengd 1. januar. 1-5 åringar er framskrivne ved hjelp av KOMPAS. Framskrivning av folkemengd vist i dei 3 alternativa; BP 2019-2021, BP 2021-2024 og BP 2023-2026. Estimert dekningsgrad for 1-2 år og 3-5 år i planperioden er vist i tabell nr. 6

³ Barnehagekapasitet er basert på faktisk kapasitet som er utrekna på bakgrunn av godkjent leike- og opphaldsareal i kvar einiskild barnehage. Barnehagekapasiteten er kompensert med 5 prosent ettersom om lag 20 prosent ikkje etterspør heiltidsplass. 2022: 268 barnehageplassar pluss 5% (13 plassar) gjer 281 plassar.


Vigrestad, Stokkalandsmarka og Brusand

Ser me Vigrestad, Stokkalandsmarka og Brusand under eitt, er det god kapasitet i perioden.

Tre av dei fire barnehagane i sør er av nyare dato. Stokkalandsmarka stod ferdig i 2012. Barnehagen har lite leikemuligheter og det manglar variasjon og naturleik. Behovet for oppgradering på uteområdet er stort. Askeladden barnehage skal erstattast med nytt bygg på ny tomt og prosjektering av ny barnehage er i gang.

Det er i gjeldande økonomiplan sett av totalt 44 mill. kroner til ein 6 avdelings barnehage på Brusand. Eldre kalkylar synar ein totalkostnad på rundt 42-43 mill. kroner. I desse tala ligg det inne rekkefølgekrav på om lag 9 mill. kroner. Det er ønskeleg med store barnehagar, men grunna arealproblematikk tilrår kommunedirektøren at det blir bygd ein 4 avdelings barnehage på tomte på Brusand, med plass til om lag 60 barn. Den vil ha tilstrekkeleg kapasitet i lang tid framover. Arbeidet med planlegging av denne vil kunne starta så fort reguleringsplan for området er vedteken. Førrebels planlagd til 1. kvartal 2023, med ferdigstilling av barnehagen i 2025 -26-

Som ein ser av figur 10 er barnehagebehovet på Brusand isolert sett relativt lite. Ser me kapasiteten til barnehagane på Vigrestad/Stokkalandsmarka og Brusand saman (i figur 11), ser me at ein 4 avdelings barnehage på Brusand vil dekkja behovet.



Vurdering av Ogna og Sirevåg

Framskriving av barnetal


Tabellen under viser framskriving av barnetala for Ogna og Sirevåg i aldersgruppene 1-2 år, 3-5 år og 1-5 år. Talet på barn går ned frå 89 1. januar 2022, til 71 1. januar 2027.

Tabell 13. Framskriving av barnetal på Ogna og Sirevåg (MMMM 2022)

01.jan	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
1-2 år	27	27	30	28	27	27	27	27
3-5 år	62	56	47	45	44	45	43	42
Totalsum	89	83	77	73	71	71	69	69

Figuren under viser at det samla er ein kapasitet på 78 barnehageplassar i Sirevåg (berre kommunale) eller 82 plassar kompensert med 5 prosent ettersom om lag 20 prosent ikkje etterspør heiltidsplass, mens framskrivinga av barnetal (MMMM 2022) viser at talet på barn som skal ha barnehageplass, baserte på dekningsgraden i tabell 6, går ned frå 78 per 1. januar 2022 til 64 per 1. januar 2027.

Figur 12. Barnehagedekning Ogna og Sirevåg



¹ Behov for barnehage viser summen av talet på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbygger 1-2 år og talet på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbygger 3-5 år etter alder 1. januar, Kjelde: SSB, Kostra

² Behov for barnehage viser summen av estimert tal på barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbygger 1-2 år og estimert tal på barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbygger 3-5 år etter alder basert på framskriven folkemengd 1. januar. 1-5 åringar er framskrivne ved hjelp av KOMPAS. Framskrivning av folkemengd vist i dei 3 alternativa; BP 2019-2021, BP 2021-2024 og BP 2023-2026. Estimert dekningsgrad for 1-2 år og 3-5 år i planperioden er vist i tabell nr. 6.

³ Barnehagekapasitet er basert på faktisk kapasitet som er utrekna på bakgrunn av godkjent leike- og opphaldsareal i kvar einskild barnehage. Barnehagekapasiteten er kompensert med 5 prosent ettersom om lag 20 prosent ikkje etterspør heiltidsplass. 2022:78 barnehageplassar pluss 5% (4 plassar) gjer 82 plassar.

Situasjonen på Ogna og i Sirevåg

Det vil i lang tid framover være god kapasitet på barnehageplassar i denne delen av kommunen.

